



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Vår dato
14.08.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/3440 730
Dykkar referanse

Helse- og omsorgsdepartementet

Høyringsuttale – NOU 2011:17 Når sant skal seiast om pårørandeomsorg - Frå usynleg til verdsett og inkludert

Fylkesmannen i Hordaland viser til høyringsbrevet vi fekk på e-post 6. mars 2012. Vi har valt å gje høyringsuttale med utgangspunkt i forslaga i den anbefalte modellen. Uttalen vår vert berre sendt på e-post.

Vi sluttar oss til forslaget om ei utvida pleiepengeordning med 20–50 % pleiepengar til foreldre med barn under 18 år som har alvorlege varige lidningar. Livssituasjonen til familiar med svært hjelpetrengande barn kan vera utfordrande. Familiane får ikkje alltid dei tenestene eller den koordineringa av desse tenestene som dei har behov for, og opplever ofte kommunikasjonen med tenesteapparatet som utmattande. Familiar med store omsorgsoppgåver for barn kan bli ekstra utsette når dei får økonomiske utfordringar. Mange av barna har også kortare forventet levetid. Det må vera ei målsetting å sikra nær og god omsorg for desse barna, å sikra livsgrunnlaget for desse familiane og å sørgja for at omsorga lettare let seg kombinere med arbeidslivet.

Fylkesmannen sluttar seg til framlegget om å erstatta dei to ordningane hjelpestønad og omsorgsløn med ei felles ordning, gjerne med namnet omsorgsstønad. Statleg hjelpestønad og kommunal omsorgsløn vert i hovudsak ytt til same føremål. Ein vesentleg skilnad er at omsorgsløna vert ytt til omsorgsyttar som skattepliktig inntekt, medan hjelpestønnen vert ytt til omsorgsmottakar. Det er ugreitt slik vi har det i dag, med to ordningar som skal tena same føremål. Brukarane bør sleppa å måtta venda seg til to forskjellige instansar for stønad til ei og same omsorgsoppgåve. Det bør heller ikkje vere to offentlege instansar som administrerer kvar sin stønad til den same omsorgsoppgåva.

Fylkesmannen er klageinstans og tilsynsstyresmakt når det gjeld omsorgsløn. I Hordaland er det litt meir enn tusen omsorgsyttarar som får omsorgsløn. I 2011 behandla vi 47 klagar på kommunale vedtak som gjaldt omsorgsløn. I samsvar med rundskrivet om omsorgsløn er det ein føresetnad at ein skal søkja om hjelpestønad først, og at kommunen kan ta omsyn til hjelpestønnen når dei vurderer søknaden om omsorgsløn. I praksis betyr dette til vanleg at innvilga hjelpestønad går til frådrag i omsorgsløna. Det kjem også fram i rundskrivet at ein søkjar ikkje har rettskrav på omsorgsløn, og at det difor er opp til kommunen om dei vil innvilga slik stønad eller ikkje.

Vi er derimot usikre på om det er rett å halda fram med å dela på oppgåva, ved at staten fastset satsar for omsorgsstønnen, og kommunane administrerer og betalar for ordninga.

Dersom kommunane skal administrera ordninga innanfor sitt budsjett, ligg det til det kommunale sjølvstyret, og til den einskilde kommune sin økonomi, kor mykje kommunen skal satsa på omsorgsstønad. Anten bør omsorgsstønaden vera eit kommunalt ansvar slik at kvart kommunestyre fastset satsar og budsjett, eller så bør omsorgsstønaden vera ei statleg ordning med statlege satsar administrert av eit statleg organ (Nav). Uavhengig av om ein vel statleg eller kommunal ordning, bør stønaden utbetalast som løn/godtgjersle til omsorgsytar. Til slutt vil vi peika på at foreldre si omsorgsplikt opphøyrer når barnet fyller 18 år, og at ein difor bør vurderer om dette skal få innverknad ved differensiering av omsorgsstønadssatsane.

Forslaget om lovfesta pårørandestøtte, med tiltak som verdset og inkluderer dei pårørande og kvalitetssikrar tenestene, gjev eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med framtidens pårørandeomsorg. Eit godt og systematisk samarbeid med dei pårørande er avgjerande for rett utvikling og bruk av helse og omsorgstenestene. Brukarane må få trygge og gode tenester, også når det er pårørande som yter omsorg. Forslaget i NOUen er omfattande og kanskje ikkje heilt ferdig, men vi meiner det er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrifter.